

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 23.11.2014

**SAKSHANDSAMAR:**

**SAKA GJELD:** **Orientering om Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2013**

**ARKIVSAK:** 2014/1124/

**STYRESAK:** 146/14

**STYREMØTE:** 08.12.2014

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Riksrevisjonen overleverte den 11. november 2014 sin rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2013. Riksrevisjonen har på fleire punkt funne grunnlag for merknader til statsrådens forvaltning av staten interesser under Helse- og omsorgsdepartementet.

## Fakta

Dokument 3:2 (2014-2015) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2013* blei overlevert Stortinget 11. november 2014. Formålet med kontrollen er å vurdere om forvaltninga av staten sine interesser er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Del I inneheld Riksrevisjonen sin omtale av kontrollen med statlege selskap. Riksrevisjonen sin kontroll for 2013 har omfatta 125 selskap og verksemder, medrekna dei fire regionale helseføretaka. Kontrollen har omfatta fem saksforhold og viser at eigarskapsutøvinga på dei undersøkte områda bør bli styrka gjennom betre oppfølging av fastsatte mål og krav og gjennom erfaringsoverføring. Dette gjeld både der eigarskapet blir forvalta direkte av departementa og der underordna verksemd og regionale helseføretak forvaltar eigarskapet.

I del II blir resultatata frå dei utvida kontrollane presentert. Dei utvida kontrollane for 2013 omhandlar:

- Kapitalstruktur i selskap med statlege eigarinteresser
- Helseføretaka sin beredskap innan ikt, vatn og straum
- Styring og kontroll av tilgang til helseopplysingar i elektroniske pasientjournalar i fire helseføretak
- Drift, økonomistyring og eigaroppfølging av Norsk Tipping AS
- Styringa av selskap der universitet og høgskuler forvaltar eigarinteressene

Del III omhandlar saker som har kome fram gjennom Riksrevisjonen sin årlege kontroll av mellom anna statsråden si omtale for det einskilde selskap, protokoller frå generalforsamlingar eller liknande og årleg rapportering frå selskapa. I den årlege kontrollen er det grunnlag for merknader i fire saker under Helse- og omsorgsdepartementet:

- Helseføretaka sin bruk av leigeavtaler
- Styringa av ikt-forvaltninga i spesialisthelsetenesta
- Helse- og omsorgsdepartementet si resultatrapportering i Prop. 1 S
- Oppfølging av forskingsmidlar i Helse Bergen HF

I del IV har Riksrevisjonen følgd opp sju saker som tidligare har blitt rapportert i Dokument 3:2. Seks av sakene er avslutta, medan sak om helseføretaka si registrering av ventetider vil bli følgd opp.

## Kommentarar

Når det gjeld helseføretaka sin beredskap innan ikt, vann og straum er det gjort følgjande hovudfunn;

- helseføretaka manglar eller har mangelfulle risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar
- helseføretaka gjennomfører få øvingar knytt til desse innsatsfaktorane
- leiinga i helseføretaka følgjer i liten grad opp arbeidet og er lite bevisste sin rolle som eigar av data og som databehandlingsansvarleg
- sjølv om Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka har lagt til rette for beredskapsarbeidet blir det peika på at oppfølginga har vore for svak

Det er naturleg at Riksrevisjonen sine funn og tilrådingar blir nytta i det vidare forbetningsarbeidet innanfor området. Dei regionale helseføretaka er bedt om å rapportere frå arbeidet i dei felles tertialoppfølgingsmøta og i årleg melding.

I undersøkinga kring styring og kontroll av tilgang til helseopplysingar i elektroniske pasientjournalar (EPJ) er det vist til følgjande hovudfunn;

- helseføretaka har ikkje i tilstrekkeleg grad implementert gjeldande regelverk om informasjonssikkerheit og behandling av helseopplysingar
- tilsette har tilgang til helseopplysingar utover tenesteleg behov
- helseføretaka har ikkje på plass eit systematisk kontrollregime for oppfølging av tilgangsbruken
- helseføretaka har ikkje etablert ein tilstrekkeleg internkontroll for tilgangsstyringa.

Etter Riksrevisjonen sitt syn inneberer dette at administrerande direktør i helseføretaka ikkje vil vere i stand til å overhalde sin lovpålagte plikt som databehandlingsansvarleg. Helse- og omsorgsdepartementet har varsla at dei funn og tilrådingar som har kome fram vil bli følgd opp gjennom krav om oppfølging og rapportering til dei regionale helseføretaka i føretaksmøta i januar 2015.

Vedlegg:

Dokument 3:2 «Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2013»